

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
051/2016	Formannskapet i Radøy	PS	11.05.2016

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Arthur Kleiveland	15/240	16/6101

### Turløype på Manger

#### Saksopplysingar:

Etter at formannskapet i sak 028/20116 gav rådmannen klarsignal til å arbeida vidare med ei trinnvis utbygging av turløype på Manger, har arbeidsgruppa utarbeidd eit forslag til ei 3-trinns utbygging (sjå vedlagde kart).

#### Byggetrinn 1:

Ei sløyfe på ca. 650 m frå Grønålen mot Nesvatnet, Prestmarka og tilbake til Grønålen langs opparbeidd gangveg på oppsida av ungdomsskulen. Ca. 400 m av traseen går på eksisterande opparbeidd gangveg og veg. Resterande del på ca 250 m frå Prestelva langs Nesvatnet mot idrettsbana skal opparbeidast. Det er denne delen som det no er utarbeidd nytt tilbodsgrunnlag for. I dette inngår også planlagd trebru forbi verna kulturminne (område 2 i kart).

#### Byggetrinn 2:

Sløyfa følgjer same trase som for tidlegare planlagd turløpe - frå nordsida av idrettsbana gjennom bøkeskogen opp mot Prestegarden, og nedover på nedsida av Prestmarka barnehage og langs veg på sørsida av idrettsbana ned mot klubbhuset.

#### Byggetrinn 3:

Sløyfa følgjer tidlegare planlagde trase på sør- og vestsida av Radøyhallen og bind saman byggetrinn 1 og 2 slik at vi får ei komplett turløype i dei same traseane for turløypa som tidlegare planlagd.

Det er no lyst ut tilbodskonkurranse for byggetrinn 1 med svarfrist 1. juni. I tilbodskonkurransen er det opplyst at arbeida kan starta til hausten under føresetnad av at kostnadene for denne del av løypa ligg innaford vedtatte budsjettammer, og at byggeløyve og idrettsfunksjonell godkjenning ligg føre. Traseen er for liten til at det i denne omgang kan søkjast om spelemidlar.

#### Samarbeidsavtale

Manger IL har oversendt forslag til samarbeidsavtale om opparbeiding, drift og vedlikehald for turløype (sjå vedlegg). Denne må etter rådmannen si vurdering reviderast noko og administrasjonen vil koma tilbake med ei eiga sak om dette.

#### Vidare framdrift:

Byggetrinn 1 er lyst ut i Doffin med tilbodsfrist 1. juni. Det er planlagd oppstart og ferdigstilling i inneverande år med atterhald (sjå ovanfor). Kommunen arbeidar vidare med å ferdigstilla byggemeldinga for heile tiltaket og få oversendt denne saman med naudsynt dispensasjonssøknad til byggesaksavdelinga.

Det vert å koma tilbake til framdrift og finansiering av dei neste byggestega.

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Formannskapet sluttar seg til planane for første byggetrinn av ei etappevis utbygging av turløype på Manger.

**Formannskapet i Radøy - 051/2016****FS - handsaming:**

Leiaren i idrettsrådet, Bjørn Ove Myking, ber om at idrettsrådet får vera med i utarbeiding av samarbeidsavtale mellom Manger IL og Radøy kommune om turløype.

Formannskapet har ambisjonar om å gjera ferdig turløypa etter dei planar som er lagt fram, men med ei etappevis utbygging.

Formannskapet går inn med ein million kroner i løyving til første etappe, og forskotterer ein million kroner i spelemidlar. Ordførar Jon Askeland har fått stadfesta at regelverket opnar for å gje spelemidlar også til eit prosjekt som blir delt opp i fleire delar.

Formannskapet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

**FS - vedtak:**

Formannskapet sluttar seg til planane for første byggetrinn av ei etappevis utbygging av turløype på Manger.

**Vedlegg:**

Turløype\_kart